



Knarvik, 05.02.2024.

# Innspel til stortingsmeldingar om klima og naturmangfald

Regionen Nordhordland (Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Gulen, Osterøy, Modalen og Vaksdal) fekk status som Noreg sitt første UNESCO Biosfæreområde i 2019. Eit biosfæreområde skal vere eit læringsområde for berekraftig utvikling. Det kan og vere ein reiskap for kommunane våre i dei utfordringane vi står i no knytt til klima- og naturkrisa. Det handlar om å nytte ressursane rundt oss på ein måte som er berekraftig, slik at dei varar lenge - veldig lenge. Det handlar om å knyte menneske og natur tettare saman, for å skape ei positiv framtid.

Regjeringa har i si politiske plattform lagt til grunn at klima og natur skal vere ei ramme rundt all politikk. Dette er eit viktig utgangspunkt for begge meldingar. Dei ønskjer innspel til desse spørsmåla spesielt:

## 1. Når vi i 2050 har nådd natur- og klimamål, kva er dei tre viktigaste grepa som vart gjort i dag for å komme dit?

### Politisk vilje – god arealforvaltning

Alle beslutningsprosessar i samfunnet tek hensyn til natur, klima og miljø. Naturen sine verdier er med i alle avgjerder, og forvaltning av natur og klima vert gjort på ein heilskapleg og kunnskapsbasert måte og ikkje bit-for-bit. Kommunane er arealnøytrale, og gamle planar har fått planvask. Det er etablert ein ny plankultur (gått vekk frå dispensasjonskultur).

### Redusert forbruk

Vi har redusert forbruket vårt, og vårt fotavtrykk i andre land. Vi har fått kontroll på matsystem, elektrifisering, og brukar naturressursane på ein berekraftig måte. Vi har auka vår sjølvforsyningsgrad, ved at landbruket har fått betre status og føresetnader.

Redusert forbruk og meir sjølvforsyning har ført til redusert eksport/import/transport. Det er redusert behov for transport på land – og store arealkrevjande vegprosjekt er lagt vekk.

### Sirkulær økonomi

Vi har gått frå lineær til sirkulær økonomi. Alt avfall vert nytta om att som ressursar. Det er etablert gode attvinningsordningar lokalt. Statlege verkemiddel gjer at produkt med stort miljøavtrykk, og/eller som ikkje kan reparerast, ikkje løner seg og vert fasa ut.

## **2. Kva slags viktige rammer og hensyn må dei to meldingane ha med seg frå din ståstad?**

Det er viktig at ein ser natur- og klimamål i samanheng, det eine må ikkje utelukka det andre. Det må ikkje leggjast opp til å øydeleggje natur for å nå klimamåla.

Gjennomgripande samfunnsendingar må til, gjennom sentral styring. Økonomiske verkemidlar må nyttast på ein måte som gjer at det løner seg å ta berekraftige val.

Natur og klima må vere ramma kring all politikk.

## **3. Arealbruksendingar er ei stor utfordring både for natur og klima. Kva bør meldingene legge frem for å sikre at arealbruken fremover bidrar til at vi når natur- og klimamålene?**

Prinsipp om arealnøytralitet vert innført i alle kommunar. Krav om planvask av alle kommuneplanar med mål om å redusere areal til utbygging som går ut over verdifull natur.

## **4. Internasjonalt samarbeid er nødvendig og viktig for å løyse klima- og naturkrisa. Korleis kan internasjonalt samarbeid styrkast på klima- og naturområdet i åra framover?**

Styresmaktene i Noreg må visa at dei sjølv tek ansvar gjennom gode avgjerder som ikkje forringar natur og/eller klima, verken i eige land eller i andre. Vi må vere ein god rollemodell, både gjennom å ta vare på eigen natur, og ved å redusere vårt fotavtrykk i andre land.

## **5. Naturavtalen er eit rammeverk for alle. Korleis kan vi sikre at alle samfunnsaktørar og heile myndigheitsapparatet i denne regionen tar sin del av ansvaret for å gjennomføre naturavtalen og stanse tapet av natur innan 2030?**

Ein må samarbeide og jobbe for felles mål, og ikkje berre for den enkelte. Det må løne seg å samarbeide om å finne dei gode løysingane, og for å unngå «allmenningens tragedie».

## **6. Kva treng kommunar, næringsliv og andre av kunnskap og verkemidlar for å ivareta naturen betre i denne regionen?**

Kunnskap om korleis det står til med naturen er viktig, både lokalt og i eit heilskapsperspektiv.

Krav om miljøkompetanse i alle kommunar. Pliktig opplæring av alle folkevalde og bedriftseigarar i miljøkompetanse. Påbod om miljøsertifisering av alle kommunar og bedrifter. Sørge for tilstrekkeleg kompetanse/opplæring i skulane.

## **7. Kva andre grep enn vern kan vi ta for å sikre langsiktig skydd og ivaretaking av viktige naturområde (jfr mål 3 i naturavtalen)?**

Vektlegging av berekraftig bruk, og ein betre arealpolitikk. Vi har dei verkemiddel (PBL) som vi treng, men politikarane må tørre å nytte dei.

**8. Med utgangspunkt i 2050-utvalets hovudanbefalingar (sjå lenkje), kva bør klimameldinga prioritere å følgje opp, sett frå din ståstad?**

Ein politikk som tar ressurs- energi-, og arealknappheit på alvor.

**9. Korleis leggje til rette for ei rettferdig omstilling til lågutsleppssamfunnet, og korleis bør ein klimapolitikk som når klimamåla innrettast slik at den har legitimitet og aksept i samfunnet?**

Politikarane må tørre å vise leiarskap. Ansvarlegging av alle samfunnsaktørar. Vi må endre mål frå økonomisk «vekst» til økonomisk «trivsel». Omfattande samfunnsending må gjelde alle. Dei som står for størst påverknad må «ofre» mest. Ein må ikkje kunne betale seg ut av det. Ein må ta hensyn til **fellesskapet** sine interesser, ikkje berre utbyggjarar og næring.

Løysingar som reduserer bruken av knappe ressursar som kraft, areal og mineral og metall må prioriterast.

Vi må få eit nærare forhold til naturen som vi er ein del av. Dette kan føre til samfunnsendingar som kan skape ein betre balanse i Jorda sitt økosystem, å skape ei betre framtid for alle.

*Nordhordland UNESCO Biosfæreområde*

